

KORSONG (KORS OG KARDIGANSETT)

Kom med handa no, klem henne sakte,
Det er meinings alle skal sjå
Halde hender når koret har pause
Er det vi må, må du forstå
Vi var seksten og sto i kor
Førsti jenter, og eg song tenor
Av tretten guitar var det tre som song bass
Dei gjekk ned, eg gjekk høgare opp, opp, opp,
men det sprakk då eg såg
Med kors og kardigansett
Ho sto der og song duett
Og det gjekk rett til hjertet
Å du, for ei smerte
Ho var det penaste eg hadde sett...

Kom med handa no, gå litt på omgong
Vi må skifte om alle skal få
Og at somme får meir enn dei andre
Er naturleg, må du forstå
For at alle skulle få litt
Var det leikar med klar invitatt
Det var ballongar i fang etter fang
Når dei sprakk, så gjekk stemninga opp, opp, opp,
til eg plutseleg såg
Med kors og kardigansett
Ho sto der og song duett
Og kjærleik på omgong
Det vart kjærleik på tomgong
Ho var det penaste eg hadde sett...

Men den sötaste kløe går over
Og det gjekk om det ofte gjer
Så snart gjekk det ryktet i koret
At ho eigentleg elskar han Per
Eg var seksten og sto i kor
Det er klart eg gjord' som eg gjord'
Med førsti jenter var det lynrask retrett
Så du veit, det gjekk plutseleg opp, opp, opp
for meg at eg elskar
Ei anna som song duett
Med kors og kardigansett
Det var dottera til dirigenten, ja,
Kva hadde du venta
Ho var det penaste eg hadde sett

Og med kors og kardigansett
Dei song kor og dei song duett
Og så gjekk dei på omgong
Det var kjærleik og det var korsong
Dei var det penaste vi hadde sett